

KOPI

Førde, 27.9.13

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

DIV. SPØRSMÅL VEDR. UTSLEPPSLØYVE FOR GBNR. 140/37 I LINDÅS KOMMUNE

Eg representerer Terje Hauge og Lisbeth Skorpen, eigarar av gbnr. 140/49

Det byggjer seg opp til tvist mellom eigarane av bnr. 37 og Hauge/Skorpen i høve retten for bnr. 37 til å gå over bnr. 49 med avlaupsrøyra sine.

Problemsituasjonen er at det ikkje føreligg nokon rett for bnr. 37 til å gå med avlaupsrøyra over bnr. 49. Bnr. 49 vil gje bnr. 37 rett til å gå med røyra sine over bnr. 49 sin eigedom under føresetnad av at det vert gjort opp for arbeidet som er utført med anlegget, samt betalt den andelen av kostnadane eigarane av bnr. 49 har forskottert for bnr. 37 i høve anlegget. At bnr. 37 skulle ta sin andel av kostnadane vart avtalt før bnr. 37 starta på arbeidet med anlegget.

I tilknytning til dette har eg ein del spørsmål til Lindås kommune som vi gjerne ynskjer svar på, og som vil vere relevant for saka, slik vi ser det.

Eg forstår faktum slik:

Bnr. 37 fekk utsleppsløyve frå kommunen ved skriv, datert 3.10.06, der minirensenanlegget vart godkjent plassert på vestleg del av bnr. 37. Avrenninga skulle gå i vestleg retning.

Bnr. 37 sitt avløpsanlegg vart imidlertid aldri etablert i samsvar med gjeve løyve, men i staden plassert på grannetomta, gbnr. 140/4, med avrenning i austleg retning.

Seinare vert bnr. 49 utskilt frå bnr. 4.

Bnr. 49 søkte om utsleppsløyve til eksisterande anlegg som var tilknytta bnr. 37, og som altså gjekk over bnr. 49. Bnr. 49 la til grunn og bygde på at anlegget som gjekk over bnr. 49 var lovleg etablert og godkjent av kommunen.

Kommunen godkjenner søknaden til bnr. 49 og det vert gjeve utsleppsløyve for bnr. 49 den 18.3.09. Anlegget vert etablert i samsvar med gjeve løyve.

Det var eigarane av bnr. 49 som utførte alt arbeidet med anlegget og røyra. Også kostnadane forskotterte dei, jfr. ovanfor. Det var viktig for dei å få anlegget på plass slik at dei kunne kome i gang med tomta og oppføringa av huset.

Før dei gjekk i gang med arbeidet med kloakkanlegget hadde dei avtala med dåverande eigar av bnr. 37, Pål Storetvedt, korleis kostnadane skulle fordelast. Når arbeidet var utført og dei presenterte

rekninga for Storetvedt, så nekta han å betale. Det han imidlertid ikkje hadde fått med seg var at det ikkje var etablert nokon rett for bnr. 37 til å gå med avlaupsrøyra over bnr. 49.

Ved skriv av 29.5.13 frå Lindås kommune til Hauge/Skorpen vart det opplyst at bnr. 37 har gyldig utsleppsløyve.

Ein er takksam for svar på fylgjande spørsmål med grunnlag i ovanfornemnde:

1. Korleis kunne kommunen gje utsleppsløyve til bnr. 37, med den løysinga som er i dag, dvs. med røyr gata over bnr. 49 utan at det førelåg privatrettsleg rett for bnr. 37 til å gå med røyra sine over bnr. 49?
2. Korleis er det mogeleg for kommunen å godkjenne utsleppsløyve frå bnr. 37 i h.h.t. søknaden frå bnr. 49 når eksisterande anlegg for bnr. 37 ikkje var lovleg etablert? (Så vidt eg kan sjå så er jo situasjonen at søknaden frå bnr. 49, ut frå faktum, jfr. ovanfor, eigentleg gjeld nyetablering av utsleppsanlegg).

Kommunen opplyser i nemnde brev av 29.5.13 at *"I og med at plasseringa av anlegget vart vist til i dykkar søknad, anser kommunen at den nye plassering er legalisert då denne har blitt godkjent."*

3. Korleis kan kommunen seie at den ulovlege etableringa som bnr. 37 hadde anlagt er "legalisert", dvs. lovleggjort ved at bnr. 49, i faktisk villfarelse, søker om tilknytning til eit ulovleg etablert anlegg som dei altså trur er lovleg etablert, og får godkjent tilknytning til det ulovleg etablerte anlegget?
4. Bnr. 49 har betalt fullt gebyr for utsleppsløyvet. Har bnr. 37 betalt noko gebyr til kommunen i samband med etableringa av anlegget på bnr. 49 og som bnr. 37 er tilknytta?
5. Om svaret på spørsmål 4 er nei – kvifor har ikkje kommunen kravd gebyr frå bnr. 37 i samband med løyvet som vart gjeve for anlegget når det er kravd gebyr frå bnr. 49?

Med helsing


Ivar Hauge